

**Interessant vandring på Skorpo**

20.07.2014

**Etter gudstenesta på Skorpo var mellom 20 og 30 med på ei interessant kulturhistorisk vandring, som diverre måtte avkortast på grunn av den sterke varmen. Kristian Bringedal orienterte om landskap og naturhistorie, Han kom naturleg nok også inn på busetnad og gardshistorie, der familien Langballe i 6 generasjonar står sentralt.**

Eit anna tema var boka Tunet i det blå og forfattaren Herbrand Lavik. og eit tredje driftsformen og tunet til Johannes Hauge.

Turen gjekk og til husmannsplassen i Øredalen og historia om Herborgstova vart berørt. Ho vart flytta til Sanden der ho ligg idag.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen